Åpningstale på Solli Brug 17. oktober 2026.

Kjære dronning Sonja, Håvard Homstveit og alle dere andre!

"Mellom rom", har dronning Sonja og Håvard Homstveit kalla denne utstillinga, som no vert vist fram også her på Solli Brug.

Eit unikt samarbeidsprosjekt kor desse to utforskar grafikkens muligheiter. Resultatet er eit uttrykk for korleis grafikkverkstaden kan vera eit rom for samhandling og "samskaping".

"Mellom rom" – i to ord.

Dei to høgst daglegdagse orda kan seia noko om det som skjer mellom menneske som skapar rom for kvarandre.

Det kan også seia noko om avstand, men like mykje om eit fellesskap der det å sjå, utforska, diskutera og skape er heilt sentrale stikkord.

***

Men "Mellom rom" kan også dragast saman til eitt ord:
Mellomrom.

For det er så ofte i mellomrommet det skjer noko.

Det er der dei politiske, religiøse og kulturelle drakampane går føre seg.
Det er der vi må ta våre viktige individuelle valg.
Det er der det som er innanfor og det som er utanfor finn kvarandre.
Og det er der vi ser oss omkring når livet endrar seg og livsfasane skiftar.

Mellomrommet finst over alt der tankar, kjensler, erfaringar og verkelegheitsoppfatningar blandar seg, endrar seg og vert fornya.

Difor er "Mellom rom" - kanskje med eit nikk til ordsamandraget "mellomrom" - eit sterkt konkret og symbolsk uttrykk for noko vi så sårt treng.

Det utforskande rommet.
Det samanbindande rommet.
Det opnande rommet.

Og det er der kunsten kjem oss til hjelp.

***

Dei 17 andre kunstnarane som i same samanheng stiller ut her på Solli Brug, er framifrå eksempel på akkurat dette.

Dette er den internasjonale kunstmappa som er produsert til støtte for Dronning Sonjas Kunststiftelse.
Frå vår eigen Per Inge Bjørlo via amerikanske Caroll Dunham og til britiske Sir Peter Blake.
Kunstnarar så ulike i form og innhald.

Men alle er dei kunstnarar med ein open tilnærming.
Det smittar over på oss som ser.
Inviterer til opne sinn.
Til å freista forstå noko vi ikkje hadde tenkt å forstå før det slik vert vist fram for oss.
Oppdaga noko vi ikkje hadde planar om å oppdaga.

***

Etableringa av Queen Sonja Print Award i 2011 er ei kraftfull syntese av alt dette.

Verdas fremste pris innan grafisk kunst, og med den nordiske Inspirational Award og heidersprisen Liftetime Achievement Award under same paraplyen.

Det er framifrå bidrag til grafikken som vert heidra.
Prisane vart då også etablert for å skapa interesse for den grafiske forma innan biletkunsten.

Eg har latt med fascinera over at det her nettopp er grafikken som vert løfta fram.

Av alle billedkunstens sjangre er det jo grafikken som mest tilgjengeleg for folk flest.

For mange av oss begynte jo kunstinteressa med kjøpet av vårt første grafiske blad.

Det er ikkje så mange tiår sidan Aktuell kunst og Bokklubbens kunstklubb spreidte kvalitetsgrafikk til heimar, kollektiv og hyblar over det ganske land.

No er dette meir eller mindre historie. Ei tid som var
Interessa og markedet forsvann for denne måten å spreia kunst på.

***

Grafikken har slett ikkje alltid har fått plassen den fortener på billedkunstens parnass.

Kunstnarar som dyrkar grafikken ser med vemod på at trykkeri vert lagt ned.
At den handverkbaserte kunsten sklir nedover fagets hierarki.
Kunst der også trykkaren har sin avgjerande plass.

For det er grafikken som er det kunstuttrykket som er mest rotfest i handverk som involverer fleire enn kunstnarens innsats og ideverden.

Litt trist, det heile.

Men det er i denne situasjonen at Queen Sonja Print Award kjem til unnsetning.

Løftar disiplinen.
Viser moglegheitene.
Gjev det plass i kunstlandskapet.
Og tilbyr dronningleg ryggstøtte i ei tid då det verkeleg trengs.

I eit slikt perspektiv er 15 år ikkje berre verdt å markera.
Det er til å jubla over.

***

Eg veit ikkje, men kanskje er det ein indre samanheng med dronning Sonjas eigen historie her.

Eit av livets mellomrom - eller kanskje eit "Mellom rom".

Ho som har kalla sitt eige kunstnarlege virke for eit frivarter.

Men meir enn det: "Det er nesten som en livsnødvendighet, egentlig!", som ho har formulert det.

Altså midt i det pliktmetta offisielle livet så dyrkar dronning Sonja eit formspråk der improvisasjon og søken er nøkkelord.

Midt "mellom rom". Og utforskande plassert i mellomrommet.

Og der kan vi andre kjenna oss igjen.
Også utan pensel og palett.
Vi meir enn anar betydninga det har.
For det einskilde mennesket. Og for samfunn og fellesskap.

Eller som dronning Sonja formulerte det då ho i juni 2022 opna Nasjonalmuseet:
"Kunsten er ikke samfunnets glasur. Det er tvert om selve livet!"
Og så avslutta dronninga med eit overraskande "Wow".

Det skal ikkje eg gjera.

Det eg skal gjera er å gratulera dronning Sonja og Håvard Homstveit så mykje med "Mellom rom".
Men endå viktigare: Gratulera varmt og entusiastisk med dei 15 første åra med Queen Sonja Print Award.

Det er mange, ja, svært mange som har grunn til å gleda seg til fortsettelsen.